

Sak 37/20. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2021**Saksopplysning/vurdering:**

Fjellstyret må innan den 10. november (har fått utsett frist) senda inn oppsynsbudsjett til Statskog SF for godkjenning. Dette budsjettet skal omfatta alt refusjonsgjevande arbeid, d.v.s. arbeid for fjellstyret - administrativt arbeid og feltarbeid på statsallmeningsgrunn i Aurland. Framlegg til budsjett ligg ved, ført på standard skjema laga av Statskog SF. Dette er ført i samsvar med Statskog sine retningsliner, og byggjer m.a. på rekneskapstala for 2019 og budsjettet for inneverande år. Det vert lagt opp til omlag den same bemanninga og timetalet som i 2020. Av samla timetal på 5530 timar er det berekna at 2000 timar (vèl 1 årsverk) er tilskotsgjevande arbeid for fjellstyret, og 3500 timar er tenestetal til andre, som SNO, NINA. Lærdal kommune, Villreinutvalet og Aurland Setjefisk BA.

	Budsjettert timepris	Timepris i rekneskap
2017	400	375,-
2018	439,-	390,-
2019	448,-	397,-
2020	453,-	-

Tabellen ovanfor syner at ein dei siste åra har kome ut med ein timekostnad som låg noko under det som var budsjettert. I den forslaget til budsjett for 2021 har eg difor teke utgangspunkt i oppsynsbudsjettet for 2020 med ein budsjettert timepris på kr. 453, og føreslær å nytta den same timeprisen i budsjettet for 2021.

Summen ein kjem fram til i rubrikken «Sum tilskuddsberettiget arbeid» på skjemaet er grunnlaget for utrekning av det statlege tilskotet til fjelloppsyn i statsallmenning, ut frå ordlyden i § 36 i Fjelleva. Tilskotssummen kan tilsvare inntil 50 % av kostnaden, men er avhengig av kva som vert den reelle løyvinga i statsbudsjettet. Denne løyvinga har diverre ikkje hatt nokon reell auke dei siste åra, snarare tvert imot. Det normale er at tilskotet har vorte noko avkorta etter Statskog SF sin gjennomgang av rekneskapstal og timetal for refusjonsgjevande arbeid. Fjellstyret har fått signal om at Statskog, i samråd med fjellstyresambandet, vil tilgodesjå fjellstyra som ligg i «skrantesjukesona,» når tilskotet skal fordelast. Likevel ser ein at statstilskotet til Aurland fjellstyre berre har dekt omlag 35 % av kostnaden dei siste par åra.

**Framlegg til vedtak:**

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2021 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

Fjellstyrekontoret, den 29.10.20

Harald Skjerdal